




Diskusjonsblad for

AKP (M-I)

i Hordaland

SOLRØNNING

FEBR 1975

DETTE NUMMER:

4. MÅNED

Diskusjonar

Meldingar

LEIAR: 1. MAI

1. mai har alltid vore ein viktig dag, fordi han speglar det politiske nivået i arbeidarklassen og massane. Kampen for å få med Tsjekko-slovakia-parolen i fjor førte til at kampen mot sosial-imperialismen blei trappa opp. I dag hevdar landsmøtet til SF at kritikken av 1968-invasjonen må tas med i plattformen til det nye partiet. No er det tid for å føra ut heile supermakt-analysen i 1. mai-toget. Ein allmenn lærdom av dette: Kampen for ei rett linje i arbeidarrørsla må rasa kringom SV og innanfor SV.

1. mai i fjor varsla òg eit vendepunkt i tilhøvet mellom oss og SV. Den framgangen SV hadde hatt, blei vendt til motgang. Vår defensive haldning etter Stortingsvalet, blei snudd til offensiv. Særleg viktig var det at classesamarbeidet til SV kom ope fram i dagen (Kalheim og Aspengren i Oslo) - òg at sosialdemokratiet ("dei to hovudstraumane") blei redusert til eit minoritets-tog i hovudstaden.

I dag er det ikkje stort att av den dåmen det sto av SV etter Stortingsvalet. Dei får problem med partiskippinga òg. Tyder det at venstre-kreftene vinn fram i SV? Nei, det tyder at SV vil gå endå meir til høgre for at storebror sosialdemokrat (DNA) skal akseptera lillebror sosialdemokrat (SV). Dette veit DNA, og dei går knallhardt fram for å tvinga SV heilt over på si side. Samstundes lit DNA på at dei har vunne att tillit i massane (Kleppe-pakka, trålfrie sonar, abort osv.). Parolen deira er derfor: "Samling bak DNA".

Dette er farleg fordi "dei to hovudstraumane" i sosialdemokratiet søker gje skin av at dei er arbeidarklassen. Valet som kjem etterpå kan gje endå meir styrking til ei slik oppfatning. Vinn desse tankane fram i dei progressive massane, så vil sosialdemokratiske linjer slå røter i kampen for dagskrava (hugs moms-aksjonen hausten 73).

Målet no må vera: å konsolidera dei progressive massane på ei kamp-linje - mot sosialdemokrati, classesamarbeid og partitog av DNA/SV-typen. Særleg må me skjerpa oss i kampen mot DNA, som høyrer til klassefienden, som er sterkast og klart reaksjonær, og som har medvind nett no. Som har byrja syna brunfargen ved nokre høve (m.a.NRK).

I folket som heilskap har vel DNA vunne att noko av det tapte. Men dei er no heilt avslørte mellom grupper som har vore i nærstrid med dei, som heis- og telefonsentralmontørane, fiskarane, deler av kvinne- og ungdomsrørslene. Når me skal konsolidera venstresida, gjeld det framfor alt om å gjera røynslene dei få har vunne til heile arbeidarklassen sine røynsler.

Me må halda fast på den klare og greie lærdomen om kven fienden er:
- Ingen kamp mot monopolkapitaken utan kamp mot DNA/LO-leiinga.
- Ingen kamp mot imperialismen utan kamp mot sosial-imperialismen.

Me kan demma opp for DNA-offensiven om me makter desse oppgavene. Men det kan òg vera at me ikkje vinn denne styrkeprøven, men tvert om kjem på defensiven - både andsynes DNA og SV. Det står særleg på våre eigne sterke og veike sider:

Har me ein god, kollektiv stil i arbeidet - eller er det "sterke heltar" som driv arbeidet mest aleine? Nyttar me den kommunistiske propagandaen i presantasjonen avt.d. 1. mai-fronten, eller blir KK-salet ei teknisk sak? Lit me på dei progressive massane og drar dei med i arbeidet, eller lar me dei seila sin eigen sjø - til me finn dei att i DNA/SV-tog 1. mai? Framsteg i kampen mot den ideologiske høgretendensen er såleis avgjerande for kor breie lag me kan fylka bak kamp-parolane ved 1. mai og valet.

BYGG FAGLEG 1. MAI-FRONT:

1. MAI 1975. LA OSS KORRIGERE ARBEIDSSTILEN I STRIDEN MOT KLASSE-
FIENDEN!

"Ikkje ottast fienden strategisk, ta han alvorleg i taktikken."

Leiaren i dette nummeret seier at 1. mai 1975 er overlag viktig. For partiet, for arbeidarklassen, står det om framgang eller attende-
gang. Sameleis stiller det seg for fienden vår.

Liknande vert sagt kvart år. Er då dette ei vanleg frase vi bruker til å piske opp oss sjølve for å greie å gjennomføre eit hardt krigskommunistisk køyr? Når så 2. mai er opprunnen og festrusen er faren or kroppen, akslar vi på oss den tunge børa att og stampar vidare. Kva står det på planen? Jau, sommarleir, val osv., og kan-
skje noko stygt og ugreitt dei kallar rekruttering. Slik "mobili-
sering" av oss sjølve fører beinveges ut i praktisisme, med mis-
mod, høgre i ideologi og politikk som kjende fylgjesveinar. Verda tek seg myrk ut.

Men det er slik at ~~1975~~ 1. mai i år er eit avgjerande slag ~~xxx~~. Mot fienden, og mot den borgarlege vegen i arbeidarrørsla. Kappinga mellom dei ulike tendensane i arbeidarrørsla kjem til uttrykk i storleiken på dei toga klassesamarbeidarane greier å stable på beina, og dei toga dei progressive massane leidd av kommunistpartiet orga-
niserer på ei kampline. Klarare enn nokon gong ser vi at striden står mellom oss (dvs. arbeidarklassen leidd av AKP) på eine sida og DNA på hi. DNA representerer ikkje berre den borgarlege politiske linja i arbeidarrørsla, klassesamarbeidslinja. DNA-leiarane høyrer sjølve til fienden, monopolborgarar som dei er. Og dei står fremst i dei åtaka monopolborgarskapet set i verk andsynes folket.

Kvart einskilt slag, slik som 1. mai-striden i år, er eit steg på vegen mot full siger, revolusjon og sosialisme. Den dagen vi skal danse i gravelet til DNA og deira klassefrendar. Trass i framgangen vi har hatt i klassestriden dei siste åra, er likevel stoda slik: Det er DNA som er sterkt, AKP er veikt og lite. Men veikskapen vår vert omskapt til styrke etter kvart som vi vinn avgrensa taktiske sigrar over det viktigaste partiet til klassefienden. Og det på si side får røyne at styrken vert omskapt til veikskap. Vi riv grunn-
muren ut under fienden stein for stein med å vinne einskilte slag. Motsett: vinn DNA fram i eit avgrensa slag, har det greidd å seinke marsjen mot stupet noko. Vårt strategiske mål er tilsvarande lengen frå oss kome. Mao seier: "Politikken og taktikken er livet for

partiet." Når politikken er klar, må vi gjere eit grundig og samvitsfullt arbeid med taktikken, dvs. arbeide ut retningslinjer som kan skaffe oss siger i det einskilte slaget, dersom dei vert sette ut i livet. Her kan vi ikkje godkjenne slurveskap, seier Mao. Grunnlaget i den taktiske tenkinga vår er å mobilisere ein overmektig styrke for å vinne over fiendetroppene ei for ei. Den overmektige styrken vi har å setje opp imot pengane, sekretarane, pressa osv. som fienden rår over, er massane. Taktikken vår byggjer på å eggje ~~xxxxxxx~~ dei til strid og å organisere dei i denne striden. Slik tenkjer vi og i l._k mai-striden i år. Dette er hovudelementet i taktikken vår, det peiar og ut leiå for metodane vi nyttar i arbeidet.

Ser vi det såleis, står det klart for oss korleis striden for ein raud l. mai heng saman med striden i sommar og haust og i tiåra frametter: ei lang hærferd mot same fienden med mange saman-støytar.

I fjor vann DNA noko att av det tapte, har vi oppsummert. Medan framgangen for SV vart stansa og dei konsekvente, progressive venstreinnstilte greidde å konsolidere kreftene, fekk DNA ei hjelpande hand av SV i Oslo, av Sakseide i Bergen. Vi greidde ikkje å ribbe av DNA nye fjor i fjor. I år prøver DNA seg med ein offensiv. Dei kan kome til å lykkast med den om vi gjer eit dårleg arbeid. Godt arbeid frå vår side kan slå beina under framstøyten, snu han til ein usiger for dei. Det kan kome til å fyke fjor. Hærferd-perspektivet vil gjere det lettare for oss å sjå samanhengen mellom kortsiktige og langsiktige oppgåver, mellom taktikken og strategien. Vi vinn over den høgrevende praktisismen: "så er det l. mai i år og". I staden ~~gxxx~~ ser vi at l. mai gjev oss eit spennetak i kommunevalk-kampen, og ^{at} kommunevalkampon gjev oss inspirasjon til å gjere eit kvalitativt sterkt l. mai-arbeid. Begge delar er viktige steg på ein lang marsj: striden for å vinne siger over dei politiske kreftene som monopolborgarskapet rår over, mellom dei DNA. Imellom ligg sommarleiron. Han vil bli til mektig hggelp for oss med å gjere oss budde på ein kraftfull, offensiv og fargerik valkamp, styrt av ei rett politisk line.

Slike perspektiv gjer at vi ikkje kan ~~gjere~~^{gjere} konsesjonar på korkje fronten mot innanlandsk klassefiende (DNA-regjeringa) eller fronten mot supermaktene i noka forhandling.

Dreg vi ei kvass skiljeline mellom dei progressive massane på eine sida og slike myrke makter som dna og sos.imp. på hi, og kjem vi på offensiven, har vi òg sett i gang den kverna som mel SV til mjøl.

Men ein dårleg ting kan gjerast til ein god - med vår medvitne innsats. AKP organiserer folk sjølvstendig på kamplina, på progressiv politikk, mot fienden gjennom FFF l. mai. Vi avslører DNA, derigjennom SV. Vi utviklar motseiingane i SV, særleg den mellom dei reaksjonære og dei progressive i samskipnaden. Endskapen kan bli at AKP leiår dei progressive massane fram til ein viktig einskild-

-6-

BLI INDUSTRIARBEIDER !

Høstens streikekamper har i særlig grad vist at vi tar arbeiderklassens kamp alvorlig og ikke betrakter den som et teoretisk ord. Men partiet består fremdeles av for få arbeidere. Vi er i for liten grad blitt Arbeidernes Kommunistparti (m-l).

Hva skyldes dette? Forstår vi egentlig hva vi driver med? For å gjøre det helt klart ~~p~~ vi arbeider for den sosialistiske revolusjonen i Norge, for opprettelsen av proletariatets diktatur. Glem da aldri at arbeiderklassen er den eneste klassen som kan være drivkraft i revolusjonen. Av arbeiderklassen er det spesielt industriproletariatet som vil være en fortropp.

Vi i industrien står i den sterkeste direkte konffontasjonen med monoplkapitalen, vi er de viktigste for monopolenes eksistens og profitt, uten oss er de ingenting. Vi er også den best organiserte delen av klassen.

Strategisk er altså industriproletariatet ikke til å komme forbi.

Helt konkret så er storindustrien hovedbasen for sosialdemokratiet i Bergen. Her er bl.a. tyngden av aktive klubber og foreninger. Får vi folk med på en riktig politisk linje i fagbevegelsen, tar vi rett og slett rotta på hele sosialdemokratiet i Bergen - vi kan fjerne den klamme hånden DNA holder over alt tilløp til demokrati på arbeidsplassene og i fagforeningene. Dette er det gode muligheter for, men partiet må styrkes innen industrien.

Vi må være flinkere og dristigere til å verve folk til oss i industrien. Dette er en oppgave vi alltid vil ha. En annen langsiktig oppgave er å sette fysisk arbeid høyere enn vi har gjort til nå. Alt for mange velger teoretisk utdanning og yrke, eller funksjonæryrker av forskjellig art. Mange av dem ville blitt gode arbeidere.

La oss rydde unna en misforståelse. Partiets arbeid innen helse- og sosial-sektoren, blant funksjonærer, på universitetet, boligstrøk må helt klart prioriteres lavere enn arbeidet i storindustrien. Når vi sier at industriproletariatet har enorm strategisk betydning, så må vi ta konsekvensen av det og satse friskt og sterkt her.

sterkt her. Partiets framgang her har stor betydning for politikken på alle plan framover.

Reint kortsiktig har partiet behov for kadre i industrien. Svært få kan vel skifte livsretning over natta. Det vil derfor oftest være framskredne kadre som er i stand til å ta et slikt valg - et valg som må være endelig. Folk som går ut i industrien skal gjøre det for å bli der.

La meg si til slutt at du ikke kommer til å angre på at du blir arbeider i storindustrien. Vi er stolte over hva vi er. Du får gode kamerater, og lønna kan være vel så god som en lærerlønn. Stilen kan være hard i blant, men alt gjennomsyres av et godt kameratskap.

Slutt å gruble - bestem deg for det du vil bli. Bli industriarbeider!

M [REDACTED]

Jernlaget i Bergen.

PROLETARISERINGA:

På vegne av partilaget mitt skal jeg oppsummere vår diskusjon på parolen om proletarisering av partiet.

Det var full enighet i laget om viktigheten av proletariseringen - at sterke røtter i storindustrien vil styrke partiet både kvalitativt og kvantitativt. Vi kan bare slå fast den store betydningen Odda har hatt i klassekampen de siste årene. Ingen tvil om at flere slike baseområder vil øke kampkraften!

I teorien var det altså full enighet. Men for at dette skulle bli noe mer enn verbal enighet, la vi hovedvekten på å diskutere enkeltmedlemmenes holdning til parolen. Var vi sjøl villige til å gå ut i industrien? I denne delen av diskusjonen ble det pekt på at det var idealistisk å kreve at alle som gikk ut i industrien skulle jobbe der resten av livet. Selvsagt er det viktig å få ut folk som er villige til å jobbe permanent i industrien, men det er også fint når noen kan tenke seg et år eller to. Mange som dette er aktuelt for er studenter med studiegjeld som kan bli hard å betale tilbake med en industrilønn, enkelte føler kanskje at tanken på ett eller to år i industrien vil gi dem mer entusiasme i det politiske arbeidet på jobben. Effektiv jobbing kan resultere i mye på to år. Kanskje kan det startes et lag som kan danne grobunn for videre politisk aktivitet. Alle er vi belemret med borgerlige ideer. Javel, la oss føre kamp mot dem, men la oss også være villige til å innrømme at det for enkelte ikke er gjort i en håndvending å bli kvitt dem.

Dessuten er det ikke bare å ta seg jobb i industrien. Et stadig strammere arbeidsmarked gjør seg gjeldende innenfor en rekke industrigrener. Her i Bergen er det problemer for ufaglærte å få seg jobb. Enkelte arbeidskjøpere stiller seg dessuten skeptiske når ferdige lektorer, adjunkter osv. søker jobb i industrien. Derfor er det viktigst for helt ferske studenter eller skoleelever å skaffe seg fagutdanning med sikte på industrijobb. Jo flere eksamener, desto vanskeligere både ideologisk og økonomisk.

Konklusjon: Fint at folk er villige til å prøve seg et år eller to i industrien (kanskje 50% av disse blir i jobben), best hvis folk vil ta permanent jobb. Ut fra denne konklusjonen syntes vi at resultatet av diskusjonen vår var positiv. Vi var sju til stede på møtet. Av disse søker en jobb i industriennå. Et annet medl. skal undersøke mulighetene på litt lengre sikt og to er interessert i jobb for et år eller to (vi var alle studenter eller ferdige stud.).

He [redacted].

DEN IDEOLOGISKE HØGREDREIINGA OG PROLETARISERINGA AV PARTIET
(Sjølvkritikk)

Gjennom diskusjon i laget og med kameratar i andre lag har eg etterkvart forandra standpunkt i synet på proletariseringsskampanja. Grunnen til at eg tek dette opp på nytt, er ikkje berre for å syne det fruktbare i å diskutere denne saka grundig, men og fordi eg meiner mange kameratar ikkje har teke opp spørsmålet om å gå ut i industrien som eit middel til å bekjempe høgreifeila i partiet. Ein grunnleggjande feil vi kan gjere når vi diskuterer proletariseringa er å sjå spørsmålet isolert, utan å sjå det i lys av den historiske utviklinga i rørsla og stoda i dag.

Mange av oss kjem frå eit intellektuelt miljø og har ein småborgarleg bakgrunn. Ideologisk så atterspeglar dette seg i synet på kva slag yrke vi skal velge. Det er etter måten "finare" å lese i bøker, enn å arbeide med hendene. Korleis bør spørsmålet om å gå ut i industrien takast opp i laga? Vi må slå fast stoda i dag, dei gode og dei dårlege sidene, og vidare kva må gjerast om vi skal oppnå nye kvalitative og kvantitative sigrar. Kvar einskild kamerat rundt om i lokallaga må kadervurderast med omsyn til industrielt arbeid. Det må leggjast avgjerande vekt på det siste, fordi kjerna i spørsmålet om proletarisering er klassestandpunktet. Eg meiner det vil vere feil, om dei kameratane som går ut i industrien, berre blir der eit par år for sådan å gå attende til skulebenken. Dei som går ut i industrien må vere innstilt på å vere der resten av livet. Difor er det viktig å skaffe seg ei skikkelgg yrkesutdanning på førehand.

Kva bør sentralt for dei kameratane som ikkje går ut i industrien? Kva betyr proletarisering for kameratar som held fram med å arbeide i til dømes helse- og sosialsektoren? Det viktigaste her må vere å rette politikken inn på arbeidarklassen sine behov, styrke sambandet med fagrørsla, og kjempe for at det vert gjennombrøt for klassekamp-lina. Jfr. kampen mot nedlegging av småsjukehus. Den borgarleg-humanistiske "ten folket" innstillinga som no er framherskande, tener berre monopolkapitalen og staten sine interesser.

J■■■■, Bergen.

OM ØKONOMIKAMPANJEN:

Årsmøtet vedtok å sette i gang en lokal økonomikampanje, med målsetting på å samle inn 25.000.- til I.⁴. Av disse har vi reknet med å få inn omlag halvparten på et stort loppemarked i Bergen i mars. Resten må lagene ta på seg å samle inn blant medlemmene og nære sympatisører. Det betyr at partiavdelingene nå må stille seg minst like store målsettinger som i rotasjonskampanjen, og begynne å samle inn pengene.

Hva er formålet medkampanjen ?

For det første må vi se kampanjen i sammenheng med den store valgkampinnsamlingen til Rød Valgallianse. Som kjent har det blitt stilt som mål at det innen 1.mai skal ha kommet inn 75.000 til valgkampfondet. En stor del av pengene fra denne kampanjen vil bli sendt tilbake til fylkene og kommunene der valgkampen drives.

Hovedparten av de 25.000 vi samler inn i Hordaland vil derfor gå til å gi RV i fylket her en solid start i økonomiarbeidet. På landsbasis vil Hordaland kunne bli en av de fylkene som går i spissen for en skikkelig stil i valgkampøkonomien. (Se forøvrig artikkelen i TF nr. 2 om valgkampøkonomien.)

For det andre: Vi rekner med å sette av en del av de 25.000 til et investeringsfond for fylkespartiet. Det vil si at vi slipper å gå til store lån neste gang partiet her skal gjøre en nyinvestering. De mest nærliggende investeringsoppgavene ligger i Oktober bokhandlene. I Bergen er det skrikende nødvendig med nye, mer romslige og sentrale lokaler for Oktober. Og det er også aktuelt med Oktoberbokhandler andre steder i fylket. Og da trenger vi et investeringsfond!

En vellykket kampanje vil være et gjennombrudd for en ny stil i Fylkespartiets økonomiarbeid !

Vi veit at fylkespartiet tidligere har hatt et forholdvis lavt nivå i økonomiarbeidet. 1974 var et framgangsrikt år på dette feltet. Kontingentinngangen økte med 50%, vi nedbetalte en svær gjeld til Oslo og vi har fått råd til å ansette en sekretær. (Takket være vedtaket om sekretærlønnsgarantist.) I ledelsen har det også vært framgang, bla. ved at en kamerat i den daglige ledelsen har fått økonomien som hovedoppgave. En vellykket kampanje vil gjøre fylkespartiet til en framskreden del av partiet på landsmålstøkk og vil ha lagt grunnlaget for en mer varig framgang på dette viktige området.

Kamerat i OU

NB: Lever penger så raskt som mulig til OU !

SETT KREFTENE INN I AKSJONSUKA FOR 50-MILS FISKERIGRENSE !

Aksjon Kyst-Norge har tatt initiativ til en aksjonsuke siste uke i februar. AKP(nl) sin sentralkomite har vurdert det som svært viktig å støtte opp under dette initiativet, som delvis er kommet etter påtrykk fra partiet.

Klassekampen har i de siste nummerne dekket situasjonen omkring fiskerigrenseutvidelsen relativt grundig. Kampen for 50-mils grensa er en kamp for å redde livsgrunlaget for store deler av folket i nord-Norge. Brattelis borgerregjeringen har ført videre sin konsekvente politikk i forholdet til de imperialistiske landa med Sovjet, Storbritania og Vest-Tyskland i spissen, og har solgt fiskernes interesser for noen små trålfrie soner.

Motstandskampen har manglet en fast ledelse og organisasjonen Aksjon Kyst-Norge har vært fornyet dominert av en byråkratisk og kompromissvillig ledelse. SV som har hatt 50-milssaka som en av sine mange tålbud på valfleskemarkedet, har ikke kunnet bli noen kampledelse og har nøyd seg ned å "protestere for all-verden og fulgt med på ferden".

Situasjonen nå er skjerpet, og det er absolutt påkrevd med et initiativ på landsbasis. I Nord-Norge blir det aksjoner på mange steder og også i de store byene her ser nå det skje noe.

I Bergen har det vært en avdeling av Aksjon Kyst-Norge der PAG og SV i starten ville holde AKP(nl) og Rod Ungdom utenfor. Denne komiteen har i realitet vært nedlagt den siste tida. Studentersamfunnet har derfor tatt initiativet til et åpent møte onsdag 26. februar, der en vil forsøke å få med AKA som medarrangør. Rundt dette arrangementet vil det bli standsaktivitet etc.

Ta kontakt med Studentersamfunnets kontor dersom du har mulighet til å mobilisere noen til stands. Partietsstyrets arbeidsutvalg vil dessuten på det kraftigste oppfordre partiets medlemmer om å delta på det åpne møtet !

AVVIS KNEFALLET FOR IMPERIALISTENE - 50 MIL NÅ !!

Kamerat i DS/AU

K.K. KAMPANJEN.

Oppsummering frå ein gruppediskusjon/ Røynsler frå eit bustadlag.

K.K. kampanjen nærmar seg no slutten og resultatet for heile landet og for fylket vårt er svært lovande. Dei fleste lag har verva fleire tingarar og laussalet har auka meir enn målsettinga var.

Det varierer frå lag til lag korleis kampanjen har vore dreve. Nokre lag har klart å få ein bra kollektiv stil på arbeidet medan i andre lag har kampanjen vore dreve individuelt. Døme på kollektiv stil er at laget samlast og går ut og sel avisa, ofte to og to saman. Individualistisk vert det når laussalet og vervinga fell på dei som er mest aktive og "har tid."

Ein del lag har delt seg slik at dei same ikkje sel kvar veke, medan i andre lag sel alle kvar veke. Kva som høver best må ein vurdera ut frå føresetnadane kvart lag har.

Ei hovedsida ved kampanjen har vore å knyta nye kontaktar. Men det er ikkje nok at vi har mange som kjøper KK. fast. Vi må dra dei med i aktivt arbeid. Det ser ut til at alle lag har knytta mange nye kontaktar i kampanjen, men det det skortar på er å dra desse kontaktane med i politisk aktivitet. Vi er redd for å spørja folk om dei vil gjera noko, redd for at dei skal tru at politisk arbeid berre er slit. Det vi då gjer oss skuld i er ein klår høgrefeil. Vi stolar ikkje på massane. Vi skjønar ikkje at når folk har teke eit politisk standpunkt så tek dei og konsekvensen av det.

Denne høgrefeilen har vore sterk i nokre lag, medan andre har klart å vinna over han. Vi har fleire historier om sympatisørar som har kome og spurt om å få vera med å selja K.K. eller har svara ja med ein gong dei vart spurde.

Ein del lag har røynsler frå sal på fabrikkar og utanfor fabrikkportar. Røynslene frå sal og verving av tingarar på jobben er at du må vera "frisk". Ikkje vera redd for å spørja folk eller diskutera med dei. Sal utanfor fabrikkportane gjev lite resultat i høve til det arbeidet krev. Det vi treng er folk innafor portane som sel "Klassekampen".

Røynsler frå eit bustadlag:

Vi har selt KK. so og seia fast kvar veke i halvanna år no. Vi bur på ein heller lukka stad slik at vi har ikkje langt å gå og folk kjenner ein annan. Området har vi delt mellom ~~medlemmene~~ medlemmene i laget og kvar betalar for det talet aviser han/ho klarer selja. Vi får då faste og mindre faste kjøparar i kvart vårt område, som vi arbeidar med. Snakkar med dei faste kjøparane om dei ikkje heller vil tinga avisa og diskuterar kvar veke med dei tilfeldige kjøparane for å få dei til å kjøpa kvar veke. Denne stilen med kvart sitt område er individualistisk, men verkar i vårt særskilde høve til dels bra. Folk vert van med at vi kjem kvar veke, dei vert kjent med oss og når vi kjenner dei betre vert det lettare å diskutera. Dei negative sidene ved ein slik salsmåte er at ein kan lata vera å gå ut ei veke og heller betala avisene sjølv, eller salet vert mekanisk, ein spring til dei faste kjøparane og bryr seg ikkje om å diskutera avisa med dei.

KK. kampanjen tydde for oss at vi sette meir krefter inn på å få folk til å verta tingarar og sjølvsgt få fleire til å kjøpa avisa. Vi prøvde og å få ein betre kollektiv stil over salet ved at vi samlast kvar torsdagskveld og diskuterte og les avisa før vi gjekk og selde. Dette lukkast ikkje noko særleg, men kameratane fekk likevel ei betre forståing for KK.salet og det har vore få som har lagt avisene påhylla. Vi klarte å få med ein del sympatisørar i laussalet, men det synte seg at vi likevel hadde for lite tiltru til massane. No i slutten av kampanjen spurde vi forsiktig ein sympatisør om han kunne tenkja seg å selja "Klassekampen" i si blokk. Han svara då med ein gong at han tykte ei blokk var lite han ville gjerna selja i fleire.

Vi har auka laussalet med 60%. Det er meir enn målsettinga (40%) var. Vi trudde fyrst at målsettinga var for høg, men det synte seg at vi hadde ikkje vurdert området godt nok og var ikkje entusiastiske nok. Eg lyt då og memna atvi alltid har ein KK.ansvarleg i laget. Oppgåvene hans er å ha greia på dei faste kjøparane, driva på kameratane så vi får eit jamnt sal og å koma med rapport på lagsmøta. Dette har gjort at vi alltid har hatt oversikt over salet og heile laget har kjent det som ei felles oppgåve.

Å bruka KK, streikestøttearbeidet har vi god reynelse med. Vi samla inn pengar til telefonsentralmontørane ein onsdag kveld. Torsdag gjekk nokre av oss rundt til dei vi hadde diskutert med kvelden før og synte dei korleis KK. dekkar streiken, og ba dei som sa dei hadde for lite greia på streiken, lesa om han i KK. Dette førte til at vi fekk nye KK.kjøparar.

Det vi har lært av kampanjen er at vi må ha tilhøit til folk, vurdera stoda og området vi skal selja i nøye og realistisk, vera entusiastiske og syna folk at det er ikkje tomme fraser når vi seier at "Klassekampen" skriv om arbeidsfolk og deira stoda. Vi må diskutera med folk og få dei til å lesa avisa. Det er ikkje såpa vi sel, men noregs beste avis.

Planane vidare er å halda laussalet oppe og framleis arbeida med dei faste kjøparane så dei vert tingarar. Vi prøver å få flest mogeleg til å gå gjennom dei fire fasane:

Tilfeldig kjøpar - fast kjøpar - tingar - KK.seljar.

Å bruka KK i 1.mai arbeidet og valkampen er sjølvsgt.

FRAM FOR 20 000 I OPPLAG NO!

FRAM FOR NOREGS EINASTE KOMMUNISTISKE DAGSAVIS.

0 ■.

Å STØTTE FASCISTENE I FORSVARSLEDELSEN
 -- ER DET Å VERNE OM DEMOKRATISKE RETTIGHETER?

Svar til F [redacted] og H [redacted]

I F [redacted]' og H [redacted]'s innlegg argumenteres det for bevilgninger til "forsvaret". Kameratene tenker sånn: Å styrke forsvaret, er å styrke vernet mot (den russiske) fascismen, styrke vernet om de demokratiske rettighetene. I ly av en erkjennelse om økende krigsfare og Sovjet-trusel, gjør kameratene her overslaget til borgerlig militarisme. Idet de retter all oppmerksomhet mot den ene supermakten, foretar de en skjønning av den andre supermakten samt norsk monopolkapital.

Fascismen er ikke en form for russisk diktatur, men en form for borgerskapets diktatur. Fascismen er monopolkapitalens åpne terroristiske diktatur. Å styrke monopolkapitalen, er derfor - på sikt - en håndsrekning til fascismen. Å sette den norske monopolkapitalens bruneste representanter til å verne folket mot fascismen, det er sannelig å sette bukken til å passe havresekken. Det norske "forsvaret", som driver fascistiske kuppøvelser og sprer fascistisk ideologi i stor stil, er det dette som skal verne oss mot fascismen? Nei. Vi støtter verken "våre egne" eller utenlandske fascister. Vi sier som albanerne: "Alle banditter er i samme båt." "Forgiftet mat skal ikke spises", enten den er av norsk eller russisk merke.

Da Stalin i 1930 analyserte kapitalismens krise, pekte han på at borgerskapet ville søke å komme seg ut av krisen ved hjelp av økende fascisme i innenrikspolitikken og imperialistisk krig i utenrikspolitikken. Vesten går nå mot en ny "30-årskrise", og borgerskapet vil ty til de samme metodene som i trettiårene (Wintex-øvelsen og Kissingers Midt-Østen - trusler er klare varsku). Hvem er det som i denne situasjonen er de sanne forsvarere av de demokratiske rettighetene? Er det de som går inn for å styrke borgerskapets krigsmakt, eller er det de som går inn for å knuse denne krigsmakten gjennom revolusjon?

Stalin sa at mens borgerskapets utvei er fascisme og imperialistisk krig, så er proletariatets utvei revolusjon.

Lenin sa (i et oppgjør med 1. verdenskrigs sosialsjåvinister som styrket sine borgerskap med "forsvars"bevilgninger):

"Den som lover nasjonene en "demokratisk" fred, uten samtidig å gå inn for den sosialistiske revolusjonen, eller samtidig fornekte kampen for den sosialistiske revolusjonen nå under krigen, han bedrar proletariatet." (Fredsprogram, 1916, CW22).

M.a.o: Kampen mot fascismen, for demokratiet og for revolusjonen, er et uadskillelig hele.

Som kommunister må vi alltid gå inn for å bygge ut de revolusjonæres styrker og svekke fiendens styrker. Å gå inn for "forsvarsbevilgninger, betyr vinning for monopolkapital og imperialisme, det betyr tap for verdens folk; det betyr at vi gir vekk til fienden mye av det som folket alt har vunnet gjennom hard kamp mot den samme fienden.

N [redacted] e

(framhald frå s. 5:)

siger over DNA. Nøkkelen til å oppnå dette er å gjere røynslene til dei lengstkomne i arbeidarklassen, dei som har vore i nærstrid med DNA, til røynsler for store delar av klassen. Heile synderegistret til DNA skal nådelaust og nake dragast fram. SV skal naglast på ~~xxxx~~ samarbeidet med folkefienden DNA og på sine egne synder.

Taktikken krev betring av massearbeidet!

Ein taktikk som kviler på massemobilisering, ikkje på toppdiplomati og korridorsspolitikk, krev kvessing av arbeidsmetodane. I sume stykke har massearbeidet i partiavdelinga vår tapt seg dei siste åra. Det har vore mykje innettervendt arbeid, sumt naudsynleg og rett, sumt ikkje. Einskilde lag og kameratar har knapt drive arbeid mellom folk flest i det heile. Motoren har gått, men kjela har ikkje vore geara inn. Vi er alt for få som har stått i eller står midt oppti eksterne kampar. Slikt hat lett for å avle høgreopportunisme i stilen andsynes massane, slik vi oftast møter dei, ein for ein. Og det avlar byråkratiske metodar. Men slike utvekstar må kjempast ned. "For den revolusjonære krigen er ein krig som høyrer massane til. Han kan berre forast om vi mobiliserer massane og lit på dei." (Mao 1934, "Sørg for massenes velferd..."). Mao tell difor sterkt til å kjempe mot byråkratiske metodar, innføre praktiske og konkrete metodar og å ~~forlate~~ forlate kommanderingsmetodar og innføre metodar med tolmodig overttyding. Metodane vi vel har nær samanheng med dei revolusjonære oppgåvene våre, dei har såleis ein klar klassekarakter.

Organiseringa. Ver snøgge ute med å skipe FFF-komitear. Organiser dei lengstkomne og mest aktive delane av massane på staden fyrst. Om ikkje det er andre å få med etter måten raskt, er det AKP-arane som utgjer komiteen. Det viktigaste i fyrste fasen er ikkje at komiteane er store, men handterføre. Det er ikkje komiteen som vert mobilisert". Det er komiteen som skal mobilisere rundt seg til FFF-toget og draga til seg nye aktivistar etter kvart. Slik lokalorganisering på arbeidsplassar, skular og i bustadområde kombinert med skiping av ein sentral FFF-komite vil gje fronten ein kjapp og effektiv start. ~~Ikke~~ Setje kjela i gang. Somlinga i påvente av at SV svarer på frieriet, slikt som har meinka arbeidet før om åra, slepp vi då unna. Underskriftslistar til støtte for FFF er eit framifrå verkty i organiseringa. Dei gjev oss mål på kva vi kan vente oss av oppslutnad på vår plass. Og dei stiller folk direkte andsynes spørsmålet: kva standpunkt skal eg ta, kva tog vil gå i?

Dette pensar oss inn på stilen i massearbeidet. Det mangelfulle massearbeidet ein del kameratar har drive, har gjeve opphav til idtar om at folk ikkje let seg mobilisere til 1. mai-tog. Mao seier: "Ynskjer vi å vinne stønad frå massane? Vil vi at dei skal gje styrken sin til fronten? I så fall må vi vere saman med dei, vekkje eldhug og initiativ hjå dei, vere oppteken av velferda deira, arbeide alvorleg og ærleg for interessene deira..." (same stad). Er det så at vi går kring og tvilar på at folk let seg overttyde av argumenta våre? Korleis hadde det seg då at vi tok til å gå i 1. mai-tog? Var vi fødte slik? Eller kankje vi ikkje trur ~~skikkelig~~ retteleg at det å slåst for FFF er å slåst for interessene til massane? Det var vel heller ikkje utelukka at sume av oss eigentleg har slukt borgarskapet sitt bilete av "yrkesdemonstranten", særlingar og løgningar. "Men vi er no slik, vi ber ~~no~~ eingong krossen på ryggen!" Men er dette idtar som står sterkt hjå folk flest? Sjå på siste år! Kunne AKP og dei som går på sirklane våre utgjere over 1000 menneske aleine?

Nøkkelen til å betre massearbeidet ligg i å korrigere slike galne høg Reidar som desse ovanfor, og å finne konkrete metodar. Legg stor vekt på direkte overttyding, av einskildpersonar, gjerne gjennom daglege samtalar.

Drag dei mest aktive med, i komitéar, og hald den politiske diskusjonen varm. Ta opp kvart skifte i den politiske og taktiske striden mot sosialdemokratiet. Gje folk praktiske oppgåver. Bruk raude festar. Ein kamerat seier ein annan stad i dette KM-bladet: "Vi er redde for å spørja folk om dei vil gjere noko, redde for at dei skal tru at politisk arbeid berre er slit. Dette er ein høgrefeil. Vi stolar ikkje på massane, Vi skjønar ikkje at når folk har teke eit politisk standpunkt, så tek dei og konsekvensen av det."

Til sist: Vi har sett oss som mål å markere dei faglege krava sterkt i toga 1. mai, og å få store faglege seksjonar der det er råd. Ein arbeidar i toget skal telje meir enn minst eit par andre målt i nedlagt arbeid. Nærare retningslinjer om mobilisering av arbeidarklassen kjem frå DS med det fyrste. La berre dette vere ei påminning til alle alt no.

Fylket vårt er prega av aukande kamp. Men sosialdemokratiet held enno eit godt tak om fagrørsla. I Bergen har DNA ein sterk base. I Odda er DNA komen sterkt i miscreditt takk vere oss. Men sosialdemokratiet som politisk stemmelei står enno sterkt.

Vi har plikt på oss til å gjere samvitsfullt arbeid med 1. mai!

ETAPPE-PLAN

(gjeld fylket i grunndraga, Bergen i detaljane).

1. Fram til 27/2.

Mobilisere folk frå lokalkomitear, frontar, SV osv. til skipingsmøte for FFF torsdag 27/2 kl. 20, Gamle Folkets Hus. Alle kan møte. Leiing for fronten vert vald.

2. 27/2-21/3.

Allment flygeblad.

Seksjonsleiingar skal veljast.

FFF opp i frontar og masseorganisasjonar.

NB! Skipe lokalkomitear.

Møte for faglege aktivistar (frå streikekampane og elles) som skal lage opprop.

3. 21/3-10/4.

Førebu frontmøte 10/4 (m/valde utsendingar). Skal vedta parolar og godkjenne leiinga.

NB! Raude festar på seksjonsbasis.

AKP-møte?

4. 10/4-1/5.

Raude festar.

Nytt flygeskrift som skil mellom toga.

Topp-mobilisering.

PALESTINA-UKR 10-16 MARS

KIMERATER!

Imperialistene i USA og Sovjet har lansert planer som er ~~en~~ alvorlige trusler mot palestinerne og folka i Midt-Østen. Sovjets forslag om å opprette Palestinstan vil bety lividasjon av folkekrigen hvis det blir en realitet. USA står klar til å rykke inn med militærapparatet sitt. Israel bomber. Dette støtter DNA-regj. opp om. Morderne fra Lillehammer slippes fri. De nekter å anerkjenne palestinerne som folk. Ei samla presse jobber for terroriststaten Israel.

Palestinerne har svart
med skt folkekrig. STØTT DEM!

SVAR SIONISTPROPAGANDAEN OG IMPERIALIST-
PLANENE MED MASSEMOBLISERING!

SLUTT OPP OM PALESTINA-UKA - STYRK PAL.KOM!

ml'ore i pal.kom.

ABONNER PÅ FRITT PALESTINA

STØTT PAL.KOM. og FRITT PALESTINA, og TEGN DNE og ANDRE SOM ABBONENT.

DESSUTEN: Mye kan skjje i Midt-Østen på kort sikt, mye vil skjje på lang sikt. Fritt Palestina er den eineste avisa (utenom KK) som gir skikkelig informasjon. Avisa kommer med 4/5 nr. i året, og koster 15 kr. i abb. FRITT PALESTINA, BOKS 107, BLINDERN.

[illegible]

50-MILS-VEKE m/ope vakte ons. 26. februar (Bergen)
-sjå s. 11

NESTE SOLRENNING (ca. 15. mars)

er særlig interessert i diskusjonsarrhklar om:
problematikkene, 1. mai og valget - gjerne som oppsummering av
 lagsdiskusjonar. Me er og interesserte i å høyra korleis laga
 ser på motsetningane i diskusjonen om militær politikk.

PROGRAM:

14mars: Stud.samfunn.Møte om PALM-
STINO=STAN og FAREN FOR EN
NY KRIG.Innl.P[redacted]-form.
i Fel.kon,og en fra DNA.

16mars: Store Aud., stud.senter.
PALESTINSK KULTURVELD
m/ palestinsk teater, foto-
plakat-, og håndverksutstilling.

ELLERS I UKA: Filmframvisning,
stands rum.